

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

SOMMAR 2021



1. juli 1921 opna Høgefoss kraftstasjon

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

«Eg ser»

Me er komne først i juni med lavande blomar og yrande fugleliv. Før skulefri og sommarferie er i gang for fullt, synest me det kunne passe å slå av ein prat med leiaren i soknerådet, Anita Haugstad Haugsjå, for å høre litt om korleis kyrkja i Nissedal sokn har greidd å lage opplegg og skape liv trass i skiftande «koronareglar».



– Ja, seier Anita, – me har prøvd å tilpassa opplegg og skapa alternativ. Og heile tida har me hatt eit godt samarbeid med smittevernoverlegen vår, Andreas Myklebust, og kriseleiinga i kommunen. Det har vore særleg viktig for oss å halda aktivitetar i gang for barn og unge.

– Dersom me ser litt tilbake, heldt me det meste i gang i tråd med gjeldande reglar utover hausten 2020, før det blei full nedstenging. Til den kjende og kjære adventssamlinga «Vi syng jola inn», sette me mykje inn på å få laga eit alternativt opplegg. Slik blei det mogleg at fleire enn dei om lag 30 personar som kunne vera til stades i kyrkja med Espelids som musikarar, kunne få «vera med», iallfall digitalt ved strøyming. Joleftan hadde vi ein kombinasjon av den digitale strøyminga og Knut Bjørn som hadde gudstenesta. 1.joledag hadde me Hølje (Haugsjå) og Bjørn Dagfinn (Tveit) som fôrsongarar. Sidan me ikkje hadde allsong, kunne me ha lov til å ha ein meters avstand i staden for to, og slik kunne me få inn ein del fleire i kyrkja. Elles har me hatt dåpsgudstenester på laurdagar for dei familiene det gjeld. Dette har blitt godt motteke. Når me har hatt nattverd, har me lagt oblat ned i eingongsbegeret, slik at den som tek imot brødet, kan snu begeret og få det i eigne hender, og deretter få vinen i begeret.

– Og så har det vel vore ein del gudstenester ute?

– Ja, og det synest me har vore vellykka. På ei av gudstenestene deltok konfirmantane med opptrinn. I tillegg har me etter gudstenesta samla oss rundt bålpanne og kaffi og litt servering. Det er viktig at me kan møtast og få dekt både åndelege og sosiale behov.

– Du nemnde på kor viktig det er å halde kontakten med barn og unge?

– Ja, det er naturleg nok ekstra viktig i den tida me har vore inne i at ingen kjenner på at dei er gløymde. For dei som høyrer til mellomtrinnet, 5. til 7.klasse, hadde me frå før koronaen sett inn, eit opplegg som heiter «Aldri åleine». Her har det òg naturleg nok svinga litt etter bylgjene i pandemien, men det er viktig nok å møtast iblant, og å kunne ha samlingar når samfunnet er delvis opna. Nattafeen var i gang i haust, men her har me òg dessverre måttå gå til nedstenging inne imellom. Me håpar å vera i gang att til hausten. Sundagsskulen har det vore verre å halda i gang fordi det her er ungar, og foreldre som til vanleg er med dei, som høyrer til ulike kohortar. Men dei har fått høyra frå oss med påske- og sommarhelsing, der vi sende ut sundagsskulebladet saman eit lite brev og ein liten godteripose.

– Så har du funne fram ein song som du set pris på?

– Ja, ein song som eg set pris på, er «Eg ser» av Bjørn Eidsvåg. Me veit kor viktig det er å bli sett. Me møter alle ulike dagar, både glede og sorg og ulike utfordringar. Eg synest det er viktig at me talar sant om livet. Songen fortel fint om at me kan få gå saman med den som slit. Ein gong er det eg, ein annan gong er deg som treng støtte. Samtidig fortel òg songen at me skal få rekna med at det er ein utanom oss som vil gå med oss gjennom livet, i skiftande dagar og år, til og med gjennom død og grav.

TV

Eg ser

*Eg ser at du e trøtt
Men eg kan ikkje leva
Livet for deg
Du må leva det sjøl
Men eg vil leva med deg
Eg vil leva med deg*

*Eg ser du vil gi opp
Men eg kan ikkje gå
Alle skrittå for deg
Du må gå de sjøl
Men eg vil gå de med deg
Eg vil gå de med deg*

*Eg ser du har det vondt
Men eg kan ikkje grina
Alle tårene for deg
Du må grina de sjøl
Men eg vil grina med deg
Eg vil grina med deg*

*Eg ser at du er redd
Men eg kan ikkje gå
I døden for deg
Du må smaka han sjøl
Men eg gjer død til liv, for deg
Eg har gjort død til liv for deg*

*Tekst og melodi:
Bjørn Eidsvåg*

MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

Onsdag 22.sept

kl.19.00: Møte med tale av
Martha Irene Eriksrød
frå Normisjon
Kollekt og enkel servering.

Torsdag 23.sept.

kl.19.00: Me sluttar opp om møte på
Bedehuset med tale av
Martha Irene Eriksrød.

Vel møtt!

Fjone bedehus

Damenes: Kvar første onsdag i månaden kl. 19.00,
Sjå FB.

Yngres: sjå FB

Basar: Fredag 19. november kl. 18.30

Velkomen

Sundagsskulens dag 22.august. kl.11.00 i Nissedal kyrkje

Leiarane i dei ulike sundagsskulane var einige om at denne dagen fungerer best i Nissedal. Gode minne frå fellesskap mellom glandene, kyrkjekaffi ute, leik og aktivitet rundt Bedehuset gjorde at vi ynskjer å prøve noko nytt: Sundagsskulens dag feirast fast i Nissedal kyrkje. Vi fortset samarbeidet og lar hovudansvaret gå på rundgang og i år er det Frikyrkja sin tur.

Vi ynskjer sundagsskuleborn frå dei ulike glandene og alle andre hjarteleg velkommen!



ANDAKT

Vatn, ei kjelde til liv og kraft

På framsida i detta kyrkjelydsbladet er det bilet av vatn. Det er eit fint bilet på det åndelege livet og. For vatn er kjelda til liv og kraft.

Vi lever på den blå planeten, jorda. Alt liv treng vatn. Det er viktig for plantar , dyr og menneske. Det er berre turistar som ynskjer seg sol kvar einast dag. Den som lever nær naturen lengtar etter vatn. Og i land der det ikkje er så lett å få tak i reint drikkevatn, lengtar dei etter kjelder med reint vatn.

Eg har tenkt på ei kvinne i det gamle testamentet, Hagar. Ho var slavevinne hos Abraham og Sara. Då Sara audmjuka ho, måtte ho rømme ut i audemarka. Og Herrens engel fann ho ved ei vasskjelde i ørkenen på vegen til byen Sjur. 1.Mos 16

Det hebraiske ordet Ajin tyder kjelde. Den bokstavelege tydinga av ordet er auge. Men det kan også tyda ei naturleg kjelde.

Her attmed denne kjelda gav Hagar eit namn åt Gud. Ho kalla han «Du er ein Gud som ser meg.»

Guds auge er ei kjelde til liv og til velsigning. Det fekk Hagar oppleve midt i si fortviling og naud. Gud såg ho, og han møtte ho med von. Det var nesten for godt til å vere sant. Så ho seier: »Har eg verkeleg sett han som ser meg?»

Ein jødisk mystikar seier om menneskelivet her på jorda at det er som eit augneblink, men æva er som sjølve auge. Menneske sitt auge er som eit vindauge. Så lenge det er liv, er det lyst i auget. Når vi dør, blir det mørkt. Men Gud er ei kjelde til liv og von. Ei von om oppstoda frå dei døde, og æveleg liv.

Difor lyder det ved døypefonten dei same orda som lyder ved gravkanten: Lova vere Gud , vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. 1.Pet 1|,3

Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr



ME STAKK INNOM

Anne Maria Hunemo – livsfrisk kvinne med blikk på dagar som fór og dagar som kjem

Ein dag i slutten av mai svingar me innom Vatne på Tjønnefoss. Her har Anne Maria Hunemo opplevd skiftande dagar og årstider frå ho var lita jente. Her fekk ho barndomsheimen sin saman med foreldra, Ola og Anna, og brørne Kjell og Arne. Her fekk ho òg skape sin eigen heim i lag med mannen, Tarald, med borna Oddvar, Margit og Arvid, og etter kvart med svigerborn, barneborn og oldeborn på rekkje og rad. I alle år har staden Vatne vore ein open heim, naturleg nok med stor plass for hyggelege familietreff, men òg ein stad der langt fleire utanom huslyd og nærmeste familie har kunna kjenne seg varmt velkomne til selskap og møte.



9.juni fyller Anne Maria, eller Vesla som ho helst blir kalla, åttisju år. Syn, høyrsel og kroppsstyrke er nok ikkje fullt ut på same høgde som i yngre år, men pågangsmot og smittande livsglede har ho rikeleg av. Vesla har vore van til å gjere det beste ut av dagane ho møter. Frå stogeglaset gler ho seg over endå ein vår der linerla trippar over grøne vollar, buskar i finaste flor og frukttre som snart syner seg fram i full bløming. På Eidstjønn har ho endå ein gong kunna fylgje med når isen har måtta vike plass for blånande vatn som speglar bjørkelauv under åsar og fjell.

Gode minne frå oppvekståra på Tjønnefoss

Når me samtalar, er Vesla klar på at det er dei gode minna ho vil ha som si forteljing frå oppvekståra på Tjønnefoss. Og gode minne er det rikeleg av.

– Eg synest det var mykje godt i grendemiljøet på Tjønnefoss. Då eg voks opp, var det mange heimar med barnerike familiar, men alle hadde ein open inngang. Mange sette si ære i å kunne ha litt å spandere når ein kom innom. Dei vaksne fekk gjerne ein kopp kaffi og eit kakestykke, men og når me borna kom aleine, fekk me ofte eit glas heimlaga saft, ei lita småkake eller eit eple frå hagen, fortel Vesla medan ho glytter ut mot Eidstjønn og hentar fram nye minne:

– Eg har stor respekt for det dei greidde i desse heimane, karar og kvinnur. Streva og sleit gjorde dei for å få endane til å møtast. Karane var ute på all slags tungarbeid, i skogen, på timmerfløting, på bygningsarbeid og anlegg i åtte timer seks dagar i vika. Mange heimar hadde frukttrær og bærbuskar og ein liten åker å stelle, eller ein gris eller ei kyr å stulle og skaffe før til. Kvinnune sylta og safta, hermetisera både kjøt og frukt, koka klede i stampar og grytur, skylte teppe i vatn og tjønnar, fekk unna store klesvaskar med vaskebrett, stelte store middagar, bryggja og baka. Bare på ei vike gjekk det some stader 20 brød. Ja, du verden så flinke dei var.

Far til Vesla, Ola Løddesøl, kjend som ein dugande bygningsmann, hadde kome oppover til Treungen frå Løddesøl i gamle Øyestad kommune. Her blei han kjend med Anna Nygård frå Nordfjord som hadde kome hit til bygda som lærarinne, som det heitte då, etter at ho hadde teke eksamen på Volda lærarskule i 1921. Anna fekk nokre år i skulen før ho blei gift, men Vesla fortel at så lenge ho og syskena var i oppvekståra, var mor hennar heime. Deretter fekk Anna mange, rike år på grendeskulane både på Tjønnefoss, i

Haugsjåsund og på Tveit. Mange har minne om kor verdifullt det var at dei fekk ein mjuk overgang frå heimen ved å få Anna Løddesøl som trygg lærarinne i småskulen.

– *I oppvekståra dine fekk du ein grei skuleveg?*

– Ja, her på Tjønnefoss hadde me fått eit fint skulehus rett oppe i Kilegrendsvegen. Her hadde me Eilif Undeland som lærar. Eg syntest me hadde det greitt i lag. Me var nok av ungar som leika livleg. Av og til var me ute på ski, og på Eidstjønn fekk me prøva skeisene. I dei nokså lange sommarferiane plukka me mykje bær, naturlegvis til bruk i heimen, men òg med tanke på å få selt til Petersen som køyrd «berbilen», som me sa, nedover til Grimstad konservesfabrikk. Eg og bestevenninnene mine, Ellinor Tjønn (Svalastog) og Ellen Juva (Homme) levera litervis med blåbær og tytebær og tente så pass at me kunne skaffe noko av det me trond med eigne pengar. Ein haust reiste Ellen og eg med toget til Arendal og gjorde handel med «berpæningane». Du kan tru det var to stolte jentur som kom heim att med nye blusur og nye skjørt.

– Elles må eg au få med at skulehuset var grøndehus. Her var det møte, basarar og ein årleg joletrefest. Ja, sundagsskule fekk me au vere med på. For det meste var det Halvor Nordli som var sundagsskulelærar. Eg og brørne mine var òg med foreldra mine på møte. Eg fekk høyre mange predikantar. Somme av dei overnatta i heimen vår òg, men endå om eg høyrde mykje forkynning, fekk eg liksom ikkje heilt tak på det dei tala om. Det tok ein del år før den glade bodskapen blei levande for meg, seier Vesla meir alvorsamt.

– *Og om de ikkje skulle på bytur, tok de vel gjerne ein tur bort til landhandelen og jernbanestasjonen?*

– Ja, det var festleg å få seg ein tur bort til Tjønnefoss landhandel eller ein sving innom stasjonen der det var venterom, pakkbu og postopneri. Og på nytt vil eg gjerne få seie at eg synest me trefte mange hyggelege folk frå grenda. Somme hadde ei god historie på lager, og det blei skøy og moro. På den tid var det vanleg å møte opp på stasjonsområdet for «å sjå på toget», særleg det som kom litt før klokka 4 om ettermiddagen. Då kom det mykje post og vare både til Tjønnefoss og Haugsjåsund. I mange år gjekk det òg buss frå Tjønnefoss til Fyresdal. Til påske var det etter kvart mange turistar som fann vegen oppover.

Eigen heim saman med Tarald

I tidlege ungdomsår var Vesla ute med jamaldringar. Slik som ho ordlegg seg, gjekk ho med ei kjensle av at ho «halta til både sidur». Ho kunne bli med både på møte eller ein tur innom ungdomshuset. Kjekke guitar fekk ho nok òg treffe på, men snart fekk ho eit godt auga til ein gild kar som stod bak disken på Tjønnefoss landhandel, Tarald Hunemo frå Gjøvdal. Bryllaup blei det med mange gjester og middag og kaffi på Tjønnefoss skule. Tone Homme var hyra inn til å stelle middag. Eit bognande kakebord stod klart. I dagane i førevegen hadde den unge brura kjevla og baka den eine kaka etter den andre. – Ja, eg tinga ei kranskake frå bakeri, men resten hadde eg på plass. Alt frå fyrste baksten eg var ordentleg med på – la meg sjå – jau, då var eg elleve og eit halvt år, har det kribla i fingrane etter å bake. Ja, det gjer det ennå, endå om det er langt verre å få det til, seier Vesla medan ho let eit raskt blikk fare over nevane sine.

I åra som fylgte, hadde Tarald arbeid på Nissedal landhandel og deretter på handelslaget i Tinn Austbygd før han fekk spørsmål om å bli styrar på Treungen handelslag. I handelslagsbygningen var det òg eit greitt husvære der familien fann seg godt til rettes. – Å ja, det var gilde år. Dei tri borna våre kom som perlur ei snor, så naturlegvis var det travelt iblant, men eg ser tilbake på med glede at me fekk bu på ulike stader. Snart tok ungane til på skulen, blei med på sundagsskulen og ulike aktivitetar, minnest Vesla.

Lengt etter fred med Gud

Yrkeslivet til Tarald heldt fram på Treungen samvirkelag. Vesla kjem i hug dei gilde kollegane hans og familiene deira som dei ikkje så sjeldan var i lag med.

I desse åra kom Tarald og Vesla fram til at dei skulle flytte ned til Vatne på Tjønnefoss. Då borna reiste ut på skular, låg det til rettes for at Vesla kunne take på seg arbeid med reinhald.

Samtidig kjende ho på at ho måtte ha ei avklaring på åndelege spørsmål som stadig dukka fram i tankelivet. Ei vende ho var på eit møte i Oslo, hende det noko. – Jau, nå blei Ordet så levande for meg. Eg fekk sjå at eg i meg sjølv var eg ein fortapt syndar, men òg at Jesus hadde ordna alt for meg på krossen på Golgata. Nå kjende eg på at eg kunne få vende om til eit nytt liv med glede. Ja, det blei òg ei ny glede å lese i Bibelen og bli betre kjend med Jesus. Før hadde eg kunna take meg ein røyk, eit glas vin eller eit glas øl iblant. Dette miste eg nå heilt lysta på. Etter ei tid blei også Tarald med på vegen. Nå fekk me rike år i lag. Det blei ei endå større glede å ha ein open heim. Eg minnest særskilt alle dei unge som samla seg her i huset etter at dei hadde vore på Ungdomens laurdagskveld på Bedehuset. Ja, eg må smile litt når eg ser tilbake på ein kveld då mange var samla. Eg hadde baka ei fyrstekake til pinse. Neste morgen kom det varsamt frå Margit: – Me fann fram ei fyrstekake i natt, og då åt me nok opp heile kaka. Eg måtte le, og det kom føre meg kor gildt det var at dei kunne kjenne seg frie til å kose seg. Du verden, det er gilde minne, men eg vil òg gjerne seie at me ikkje må gløyme å take oss av dei unge i dag. Det er inga lett tid me er inne i, seier Vesla med nytt alvor.

Gode og aktive år

I åra som fylgte, fekk Vesla ei aktiv tid i kyrkja, på Bedehuset og med å stelle til møte i Haugsjåsund. I heimen fann dei alltid plass anten det var for predikantar, ungdomssamlingar, møte eller St. Hans-feiring ved Eidstjønn. I 12 år fylte òg Vesla stillinga som klokkar i Treungen kyrkje. I den samanhengen fekk ho i tillegg til dei faste gjeremåla vere med på mang ei samtale om tru og liv, glede og sorg.

I eigen familie fekk ho òg oppleve at «Sorgen og glæden, de vandre til hope». Ikkje minst fekk ho kjenne på sorg då brørne hennar døydde. Om ikkje tida har lækt alle sår, har ho nok etter kvart kunna kjenne på at det har breidd seg eit mildt slør over sorg og sakn. – Jesus har hjelpt meg igjennom dagar og år. Og så er det så godt å kunne vere trygg på at Han vil føre meg «frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand,» seier Vesla med overtyding og smilande alvor.

Framfor alt synest ho at ho kan sjå attende på eit rikt liv som gjer henne takksam; takksam for hus og heim og vener, og ikkje minst for samlivet med sin kjære Tarald, born, svigerborn og alle etterkomarane som rett som det er kjem innom som friske pust til bestemor og oldemor.

Seinast i pinsa var store og små samla i den opne og gjestfrie heimen ved Eidstjønn der hageblomane duvar i solgangsbrisen, der båten har kome på vatnet og fruktrea kler seg i si fagraste blomsterdrakt mot ein ny sommar.

TV

FRÅ KYRKJEKONTORET

Vi på kyrkjekontoret vil takke for den gode oppslutninga rundt dugnadane i år. Det blei gjort mykje både i Nissedal og i Treungen. Dugnaden på Felle er utsett til hausten og da tenker vi å ta føre oss å stelle opp kapellet på utsida. Kjem tilbake til dato på dette seinare.

Nå opnar vi opp for fleire i kyrkja og det er vi glade for, vi kjem framleis til å halde smittevernreglane som ligg føre for vår kommune, og som vi blir pålagt frå høgare hald.

Sommar på kyrkjegardane: Nå skal det vere vatn i kranene på alle plassar. I år har vi også hengt ut Lano på alle vasspostane. Fint viss alle er flinke til å bruke dei.

Det kjem til å bli vatna på kyrkjegardane etter behov. Når vatningsanlegget er på, ver snill og ikkje flytt på dei, då kyrkjegardarbeiderane har sine rutinar på vatning av grøntanlegget. Lurt å sjekke eigne graver då spreiare ikkje dekker over alt.

TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2021

NATTCAFÈ på Bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00 Kvar siste laurdag i månaden.
Her blir det servert pizza og mange ulike aktivitetar.
Velkomen ☺

Sundagsskulen i Treungen bedehus

Starter med felles sundagsskulensdag 22. august.

29.8. kl. 11.00

26.9. kl. 11.00

Hausstur til Gautefall

17. -19. september. Meir info seinare.

Sundagskulen i Felle kapell

Det vert samling fylgjande måndagar kl. 17.00:

23. august

27. september

25. oktober

22. november

Sundag 28.nov. adventsgudst., jolegrantenning

Pga corona kan det bli endringar i programmet

Bli kjent med den nye salmeboka v/*Maria Skjæveland*

NORSK SALMEBOK NR. 2 , Folkefrelsar, til oss kom

Ambrosius skreiv denne teksten under tittelen «Veni, redemptor gentium» på 300-tallet. I det 5. århundre var dette den meste sentrale adventssalmen, og det er framleis den eldste adventssalmen som blir sungen.

Salmen kan og brukast på Maria budskapsdag, med referanse til første vers der vi finn strofa «fødd av møy i armodsdom».

På sin vandring frå Ambrosius si tid og fram til i dag, har den og vore innom Martin Luther og Bernt Støylen for å sikre kvalitet.

Det er inkje mindre enn inkarnasjonen sitt mysterium som er hovudtemaet i denne salmen. I dei seks fyrste versa får vi høyre om det som skjedde og om Han som kom til jorda som vår frelsar og bror på jolekvelden. Han som vart født utan synd og både er sant menneske og sann Gud. Bare tittelen i seg sjølv er både ei truedkjennung og ei lovprisning til Gud. Heile salmen ber preg av lovsong, tillit og undring. Bodskapen i salma er like viktig i dag, som det var på 300-tallet. Siste verset er ei lovprisning til vår treeinige Gud.

Melodien som brukast i dag er frå 1524 og kjem frå Erfurt i Tyskland. Men den eldste kjelda stammar frå Benediktinerklosteret i Sveits rundt 1120. Denne tonen kan vera endå eldre enn det som er oppgjeve. Melodien ber preg av mange hundreårs tradisjon og lang tids foredling. Den er så enkel og stille at den vil leve vidare i mange generasjonar framover.

Dette er ei av det fyrste salmene eg lærte å spele på piano, og den har ein viktig bodskap me kan ta innover oss både ein og to gonger. I ein travel kvardag er det godt å finne ro i denne teksten.

Vårt stille, indre konsentrerte sinn har mykje å hente i denne salmen.



GUDSTENESTELISTE MED OFRING SOMMAR/HAUST 2021

Juli

4.	Kl. 11.00 Treungen	Nattverd	Kirkens SOS
18.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Kirkens SOS
25.	Kl. 12.00 Tveit gamle kyrkjegard	Olsok	Kyrkjelydsarbeidet

Aug.

8.	Kl. 18.00 Treungen	Søndagsskulens dag	Diakoniprosjektet i Mali
22.	Kl. 11.00 Nissedal	Familiegudst.	Søndagskulen i Telemark
29.	Kl. 11.00 Fjone	Konf. Deltek	Diakoniprosjektet i Mali

Sept.

4.	Kl. 11.00 Nissedal	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
4.	Kl. 13.00 Treungen	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
5.	Kl. 11.00 Treungen	Familiegudst.	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl. 11.00 Gautefall	Søndagsskulen	Søndagskulen i Telemark
26.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Diakoniprosjektet i Mali
26.	Kl. 18.00 Treungen	4- årsbok	Diakoniprosjektet i Mali

Okt.

3.	Kl. 11.00 Treungen	4- årsbok	ACTA Telemark
7.	Kl. 18.00 Nissedal	Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet
17.	Kl. 11.00 Nissedal	Hausstattfest	Søndagskulen i Telemark
31.	Kl 11.00 Treungen	Nattverd	Diakoniprosjektet i Mali
31.	Kl. 18.00 Nissedal	Saman med Frikyrkja	ACTA Telemark
		Familiegudst.	

Nov.

7.	Kl. 18.00 Treungen	Minnegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
28.	Kl. 17.00 Felle	Jolegrantenning	Diakoniprosjektet i Mali

Des.

2.	Kl. 18.00 Nissedal	Jolegrantenning	Kyrkjelydsarbeidet
5.	Kl. 11.00 Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl 18.00 Treungen	Skulegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
22.	Kl. 09.30 Treungen	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl. 13.00 Felle	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl. 14.30 Treungen	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl 16.00 Nissedal	Joleftan	Diakoniprosjektet i Mali
25.	Kl. 11.00 Treungen	1. juledag	

Program for Frikyrkja 2. halvår 2021

August

- 01. 11.00 Gudsteneste ute.
- 6. og 7. Vaffeltelt
- 15. 11.00 Gudsteneste. Konfirmasjon
- 20.- 21. Tur til Godthol for 4.- 5. kl.
- 22. 11.00 Sundagssk. dag. Nissedal
- 24. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 27.-28 Tur til Godthol for 6. og 7.kl

September

- 06. 17.30 Speidaraktivitet
- 07. 19.00 Kvinneforening
- 08. 16.00 Familiemiddag, faseundervisning
- 09. 19.00 Kveldskafè
- 12. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- Sundagssk. og tårnag. Tur etter gudstenesta
- 13. 17.30 Friklubben
- 14. 18.00 Dugnad/fellesskap
- 17. – 19. Hausstur til Gautefall fjellkyrkje
- 19. 11.00 Felles familiegudsteneste, Gautefall
- 20. 17.30 Speidaraktivitet
- 21. 19.00 Kvinneforening
- 27. 17.30 Friklubben
- 28. 18.00 Kyrkjelydsmøte

Bøn torsdag kl 09.00

Oktober

- 03. Kveldssafari
- 04. 17.30: Speidaraktivitet
- 05. 19.00 Kvinneforening
- 07. 19.00 Kveldskafè
- 17. 18.00 Gudsteneste. Nattverd
- 18. 17.30 Speidaraktivitet
- 19. 19.00 Kvinneforening
- 23.-24. BGF Kragerø
- 26. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 31. 11.00 Gudsteneste. Sundagssk. og Tårnag.

Treungen frikyrkje sin gåvekonto:

2714. 10. 06628. Vipps nr. 27037

Endringar kan skje.

**Følg med på heimesida:
www.treungenfrikyrkje.no**

**Vi ynskjer å starte opp med
smågrupper og ei alfagruppe i
heimane i haust. Kontaktperson:**

Rut S Nielsen: 93468174

TREUNGEN NORMISJON, BEDEHUSET, hausten 2021

August

- | | | |
|---------|--------------|----------------------------------|
| Torsdag | 12. kl.19.00 | Dugnad/fellesskap. |
| Torsdag | 19. kl.19.00 | Bibeltine, Knut Bjørn Skyttemyr. |
| Torsdag | 26. kl.19.00 | Møte, Kristian Espeland. |

September

- | | | |
|---------|--------------|--|
| Torsdag | 02. kl.19.00 | Medlemsmøte. |
| Måndag | 06. kl.19.00 | Bønsamling. |
| Torsdag | 09. kl.19.00 | Møte, Ole Andrè Eliassen. |
| Torsdag | 16. kl.19.00 | Dugnad/fellesskap. |
| Onsdag | 22. kl.19.00 | Møte i Haugsjåsund, Martha Irene Eriksrød, |
| Torsdag | 23. kl.19.00 | - i bedehuset -----«----- |
| Torsdag | 30. kl.19.00 | Møte, Odd Rannestad. |

Kvar torsdag i tida 01.juli til og med 29.juli, er det bøn og samtale kl.19.00.

Velkomne i Bedehuset.



BESØK HOS OLAV SVALASTOG

For skaparverket

I kyrkja vår har vi fått ein dag som blir kalla «For skaparverket»

Den har ikkje ein fast dato i kyrkeåret, men det høver å ha den ved Jonsok.

No er det eitt år sidan Olav Svalastog slutta som organist, og vi tok ein tur til Heimdalsgrenda for å slå av ein prat om skaparverket.

Det første Olav kjem på, er songen «Hill the world» av Michael Jackson. Den hadde dei i barnekoret i kyrkje, og den bruker han framleis i kulturskulen i pianotimane.

Men etter litt, går tankane attende i tida, til då Homme og Heimdalsgrenda hadde samling på Jonsok ved Bjortjønn. Her var det konkurranse for vaksne i rygging med traktor og hengar, det var bading, niste, bål og leik.

Heilt frå barndomen har Olav vore oppteken av jorda og garden. Han køyrde traktor då han var så liten at han måtte stå for å nå ned til pedalane. Og han blei glad i alt som veks, i dyra på garden og det å forvalte jorda rett. Difor var det naturleg å drive garden då han og Anbjørg kom til Treungen att, Olav då som kultursekretær.

Salmeboka kjem fram, og han siterer frå salme 840 I denne fagre sumarstid gå ut, mi sjel, og gled deg i vår Herres store under!

Heilt til slutt kjem vi inn på vona om ei ny himmel og ein ny jord. Og Olav er inne og hentar heftet med notane til «Visst skal våren komme» av Sigvald Tveit. Og her er det eit bilet av himmel og jord som speglar seg i havet. Og det som speglar seg, er meir lyst og vent og frodig og grøderikt enn det som er over.

Det er den kristne vona som vi tek med oss, mens vi nynnar «Visst skal våren komme, visst skal jorden bli ny.»

Takk for alt du har gjort for kyrkjelyden.

KBS





Turer høstsesongen 2021 😊

Takk for mange flotte turer ilag med herlige folk i vårsesongen. Gode opplevelser, samtaler og nye flotte plasser. Og sist- men ikke minst: god trim og folkehelse. Vi har plass til flere, så bare kom.




En stor takk til alle turledere som viser rundt på kjente trakter med historie og godt humør. Og til flotte Ragnhild Haugstøy som har vært med på turprosjektet helt siden starten i 2017. Dere er gode å ha på laget alle sammen.

Mange av turene har blitt litt lange, vi opplever at flere kommer på lengre turer. Men veldig fint om dere kommer med innspill, så vi kan tilpasse til flest mulig.


Oppmøte frivilligsentralen for samkjøring 09.30.

19 august	Lauvdalsfjellet med Torgeir	Vi prøver oss på den nye toppen i Nissedal. Noe stigning Møtes ved butikken klokka 10.00.
26 august	Hjasufs utsiktssti med Olav Jakob Tveit	4-5 km, god veg å gå, lett å gå men bratt.
2 september	Rodevegen Heimdalsheia med Olav Arne Sønderland?	Svalastog-prestyhyl, videre til Vøylen. Kan kjøre tilbake. Ca 3 timer tur t/r. De som vil ha lettere og flat tur, kan kjøre til Prestyhyl og gå derfra. Litt historie.
9 september	Hægefjell med Ragnhild Haugstøy.	En lenger tur med utsikt 😊
16 september	Fjelstøyldammen med Osmund Tarjei Juva.	Juvavegen kl 09.40. En lengre tur i fine omgivelser, stigning til dammen, noe fuktig i starten.
23 september	Sundsfjell Gamle Haugsjåvegen. Odd Torstein Valle,	Ca 5 km t/r litt bratt i korte perioder.
30 september	Åpen, Avslutning? :)	



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR. 2

2021

Sommar i Nissedal

Etter dette året, der det har vore mindre aktivitetar og arrangement, ser vi fram til ein aktiv sommar for barn og unge i Nissedal. Her kjem det til å bli ulike arrangement både på dagtid og kveldstid gjennom heile sommaren.

Sommarskule

Som ein del av Regjeringa si satsing på at alle barn og unge skal oppleve sosial tilhøyring og fagleg meistring, og deira arbeid for å forebygge fråfall og utanforskap, har Nissedal kommune motteke tilskott til å arrangere sommarskule for fyrste gong. Det ser vi fram til.

Målet er å gje fleire unge ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skulens sommarferie, og at elevar kan få høve til fagleg påfyll.

Sommarskulen er eit tilbod for elevar som går i 1.-4. klasse ved skulane i Nissedal inneverande skuleår. I tråd med anbefalingane frå utdanningsdirektoratet har vi tilsett to studentar som går på pedagogiske studieretninga som har det overordna ansvaret for sommarskulen; Helene Midtbøen frå Kviteseid og Inger Jeanette Retterholt frå Åmli. Det er også tilsett fire assistentar; Ida Marie Myklebust frå Kviteseid og Stian Straand, Elias Vee Tveit og Signe Håtvæit frå Treungen.

Det har vore god interesse for sommarskule, og det er totalt 28 elevar som er påmeldt. Helene og Inger Jeanette er i desse dagar i full sving med å planlegge innhaldet i sommarskulen, som blir gitt på Tveit skule, kvar dag i veke 28 og 29, frå kl 9-15.

Friluftsskule

Friluftsrådet Sør arrangerer friluftsskule i Nissedal i veke 26 og veke 32. Dette er eit gratis tilbod for alle mellom 10 og 13 år. På friluftsskulen får deltakarane vere med på spennande friluftsaktivitetar og lære om ferdsel i naturen.

Sommarles

Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av biblioteka, der målet er at flest mogleg born i 1.-7. klasse skal lese mest mogleg i løpet av sommarferien. I 2020 kom born i Nissedal kommune på 2.plass i fylket i leste sider per born. Det er fantastisk! Klarer vi å ta leiinga i år? Bli med på leselaget og les saman med oss. Biblioteket har flotte premiar.

Sommarles er for alle, både superlesarar, middels gode lesarar og dei som treng hjelp eller er i ferd med å lære seg å lese. Dei må ikkje lese sjølv, men kan velje å høre på lydbøker eller lesast høgt for. Sommarleskampanjen varar frå 01.06 -31.08.

Ung i Nissedal

Som ein del av folkehelseprogrammet i Vestfold-Telemark har Nissedal blitt programkommune i tilskotsordninga Rusfritt, robust og rettferdig. Vi har fått tilskot til eit fireårig prosjekt som har fått namnet Ung i Nissedal. Gjennom dette prosjektet, som rettar seg mot ungdom, vil vi bidra til trivsel, inkludering og gode haldningar til rus. Vi har etablert eit samarbeid med ungdomsrådet og ser fram til eit godt samarbeid med dei. Vi er opptekne av samskaping og ynskjer eit breitt samarbeid med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar. I sommar vil vi ha fokus på å legge til rette for rusfrie ungdomsarrangement og gode møteplassar.

Sommaraktivitet

Ungdommen i Nissedal har etterlyst meir aktivitet i sommarferien. Siste skuledag er 17.06. Denne kvelden riggar vi til sommarkonsert i Tveitsund. Seinare blir det aktivitet kvar fredagskveld. Her blir det bading, grilling, diverse aktivitetar på og ved vatn. Aktivitetane kjem til å bli arrangert ulike stader i kommunen, i samarbeid med ungdommen sjølv, og med ulike lag og organisasjonar. Tilbodet er for dei som går ut av ungdomsskulen i år, og dei som går på vidaregåande skule.

Møteplassar

Vi er opptekne av å skape gode møteplassar for barn og ungdom i kommunen. I fjor blei det skapt ein fin møteplass i sentrum. Vasstrampolina kjem opp i år også, og i år blir den noko utvida.

Volleyball er polulært blant dei unge i kommunen. Og fleire ungdommar er nå engasjert i å gjere sandvolleyballbanen i Evja meir attraktiv.



NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr
Kyrkjekontoret: tys. og tors.
kl. 10-13
Tlf: 35 04 84 49 Mob: 90 79 93 68
e-post:
knut.bjorn.skyttemyr@nissedal.kommune.no

Kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer
Kyrkjekontoret: man., tys. og ,tors..
kl. 9-13
Tlf: 35 04 84 43 Mob: 99 54 45 43
e-post:
bente.meyer@nissedal.kommune.no

Leiar soknerådet:
Anita H. Haugsjå
Nestleiar:
Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar
Anne Marie Larsson
Mob: 90 63 47 47

Kantor:
Maria Skjæveland
Mob: 94 06 02 69

Klokkar i Treungen Kyrkje
Reidun Lauvdal
Mob: 95 06 52 01

Prostdiakon Eilev Erikstein
3890 Dalen, tlf: 35 07 71 88
Mob: 91 11 35 80

Kirkens SOS
Tlf: 22 40 00 40

Gje di gåve ved bruk av VIPPS
Kyrkjelyden har fleire nummer:
123534 Sundagens offer
123537 Kyrkjelydsarbeidet,
123538 Diakoniprojekt i Mali
123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet

FRÅ KYRKJEBOKA - NISSEDAL SOKN

Nissedal kyrkje

Dåp:
29.5.21: Oskar Fjalestad
Foreldre: Natalie Zernichow Bråthen
og Vegard Fjalestad

Gravferd:
26.5.21: Bjarne Slaakkvik f. 1933 d. 14.2.21

Treungen kyrkje

Dåp:
4.4.21: Eira Aarak- Brennan
Foreldre: Kathrine Aarak og
Gordon James Brennan
5.6.21: Tidemann Lauvdal
Foreldre: Anja Catharina Røhme og
Rune Lauvdal

Felle kapell:

Dåp:
1.5.21: Amalie Meberg Felle
Foreldre: Viktoria Meberg Olsen og
Tommy Felle

Gravferd:
6.5.21: Reidun Moen Valle f. 1950 d. 26.4.21
4.6.21: Hege (Tull) Felle f. 1942 d. 27.5.21

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar:

Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal,
Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen,
priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn
3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:

Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i
Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekte
med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

EI TALE FOR DEN SOM SER

Når noko knekk.

Av og til går eg meg ein ettermiddagstur på skogsvegen bak huset her eg bur. Det er fint å kome vekk frå bilvegen og høyre fuglevitter og bekkesus, å bli andpusten og kome opp til svingen, der eg kan nyte utsikten over Nisser.

Ein gong i vår då eg gjekk oppover her, kom eg til eit tre som låg halvveis over vegen. Eg ville ta tak i det og kaste stamma ut av vegen, men det sat fast. Treet hadde blitt offer for den tunge snøen i vinter. Det hadde måttå bøye toppen heilt ned i grusen, men hadde ikkje sleppt taket i rota si. Eg fekk bretta det til side, slik at det ikkje låg ute i vegen.

Då eg nokre veker seinare kom forbi den nedbøygde treet, såg eg at vel var det knekt, men det hadde ikkje gjeve opp. Frå stamma stakk det kvistar med små, grøne lauv rett til himmels! Eg kunne sjå at det var ei gråor, og denne ora ville opp! Ho ville leve vidare.

Eg kjem til å tenkje på nokre strofer frå Bibelen: Det står i det gamle testamentet, som ein profeti om Jesus:

«*Han bryt ikkje eit knekt siv og sløkkjer ikkje ein rykande veike. Med truskap skal han føra retten ut.* (Jesaja 42.3)

Jesus ville ikkje bryte den som var knekt, eller sløkkje den som det rauk av. Og det er slik me kan sjå han gjennom forteljingane i det nye testamentet; han ringeaktar ikkje det eller den svake. Han gjev hjelp og støtte til den som treng. Akkurat slik me kan lese om i forteljinga om den miskunnsame samaritanen.

Eit snøfall med tung, våt snø over livet, kan bøye sjølv den sterkeste til jorda. For omverda kan det sjå håplaust ut. Men ei nerve har ennå kontakt med den livgjevande rota. Det knekte sivet skal ikkje brytast. Det treng bare litt tid. Når våren kjem og sola får skine, kan det kome grøne lauv på nye skot som strekkjer seg opp mot ljuset.

Etter ei slik tung erfaring, vil ein kanskje trengje hjelp for å orientere seg oppover igjen. Retninga på livet har jo blitt heilt forstyrra, men «det det er liv er det håp». Det blei eg mint på då eg så at oretreet slett ikkje hadde tenkt å hamne i skråninga som ein tørr pinne. Det ville leve ein ny vår!

GBR-M.

